PROAKTIV

Småbruk med praktfull plassering



RØYSAVEGEN 6



Våre kontorer

TRØNDELAG

- **Trondheim**
Bassengbakken 4,
7069 Trondheim
Tlf.: 73 99 22 55
trondheim.sentrum@proaktiv.no

- **Heimdal**
Søbstadveien 1, 7088 Heimdal
Tlf.: 72 59 92 40
heimdal@proaktiv.no

- **Moholt**
Hans Baucks veg 1,
7033 Trondheim
Tlf.: 73 20 26 50
moholt@proaktiv.no

MØRE OG ROMSDAL

- **Ålesund**
Løvenvoldgata 7, 6002 Ålesund
Tlf.: 91 73 83 52
jon@proaktiv.no

VESTLAND

- **Småstrandgt.**
Småstrandgaten 6, 5014 Bergen
Tlf.: 55 36 40 40
proaktiv.bergen@proaktiv.no

- **Arna & Åsane**
Myrdalsvegen 22, 5130 Nyborg
Tlf.: 47 50 69 11
arna.aasane@proaktiv.no

- **Voss**
Vangsgata 16, 5700 Voss
Tlf.: 56 52 19 50
voss@proaktiv.no

- **Sogn**
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Tlf.: 90 56 45 25
sogn@proaktiv.no

ROGALAND

- **Haugesund**
Haraldsgata 139, 5527 Haugesund
Tlf.: 90 84 36 56
haugesund@proaktiv.no

- **Stavanger**
Løkkeveien 52, 4008 Stavanger
Tlf.: 51 52 75 75
stavanger@proaktiv.no

- **Sandnes**
Langgata 3, 4306 Sandnes
Tlf.: 51 66 88 00
sandnes@proaktiv.no

- **Sola**
Solakrossen 13, 4050 Sola
Tlf.: 98 08 94 03
sola@proaktiv.no

- **Jæren**
Torgvegen 2, 4350 Kleppe
Tlf.: 51 48 22 00
jaeren@proaktiv.no

AGDER

- **KRISTIANSAND**
Fjellgata 4, 4612 Kristiansand
Tlf: 45 90 91 00
kristiansand@proaktiv.no

AKERSHUS

- **Lørenskog**
Rådmann Paulsens gate 28
1461 Lørenskog
Tlf.: 67 90 40 10
lorenskog@proaktiv.no


- **Lillestrøm**
Storgata 5A, 2001 Lillestrøm
Tlf.: 63 80 59 90
lillestrom@proaktiv.no

BUSKERUD

- **Drammen, Lier & Holmestrand**
Albums gate 15, 3016 Drammen
Tlf.: 97 74 42 47
drammen.lier@proaktiv.no

ØSTFOLD


- **Sarpsborg**
Torggata 8, 1707 Sarpsborg
Tlf: 69 12 60 60
borg@proaktiv.no



LEIKANGER

Småbruk med praktfull plassering på Leikanger | Oppgraderingsbehov

NØKKEL-INFORMASJON



Adresse: Røysavegen 6, 6863 LEIKANGER

Gnr./Bnr.: Gnr. 217, bnr. 122, i Sogndal kommune

Prisantydning: 4.500.000,-

Omkostninger: 113.590,-

Totalpris: 4.613.590,-

Kommunale avgifter: 16.688,-

Boligtype: Enebolig

Byggeår: 1939

Rom/soverom: 9/6

BRA: 365 m²

BRA-i: 291 m²

Etasje: 4

Garasje/Parkering: Parkering i dobbelgarasje på tomta og på eige tun.

Tomt: 6965.5 m²

Energimerke: Energiklasse: Raud G.

INNHOLD

2 Nøkkelinformasjon

5 Leder/megler

7 Kontorets side

8 Nærområdet

12 Informasjon om boligen

18 Boligen i bilder

33 Kjerneinformasjon

39 Vedlegg

122 Budskjema

LES HVA MINE KUNDER SIER OM MEG

“Is si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. Bipis volore pro mos evero est.”

“As si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. liqui nobitiundae suntiis sani andit donis senis moluptae pra denihit ut con consequiat Apic totatis molore nat de incte voluptatque voluptur? Ersped mos exceaqui consere laut ressequam dem et aut.Et inisque pla iur alitatas rerrumqui”.

Navn Navnesen

“Is si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. Bipis volore pro mos evero est.”

“As si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. liqui nobitiundae suntiis sani andit donis senis moluptae pra denihit ut con consequiat Apic totatis molore nat de incte voluptatque voluptur? Ersped mos exceaqui consere laut ressequam dem et aut.Et inisque pla iur alitatas rerrumqui”.

Navn Navnesen

“Is si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. Bipis volore pro mos evero est.”

“As si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. liqui nobitiundae suntiis sani andit donis senis moluptae pra denihit ut con consequiat Apic totatis molore nat de incte voluptatque voluptur? Ersped mos exceaqui consere laut ressequam dem et aut.Et inisque pla iur alitatas rerrumqui”.

Navn Navnesen

“Is si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. Bipis volore pro mos evero est.”

“As si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. liqui nobitiundae suntiis sani andit donis senis moluptae pra denihit ut con consequiat Apic totatis molore nat de incte voluptatque voluptur? Ersped mos exceaqui consere laut ressequam dem et aut.Et inisque pla iur alitatas rerrumqui”.

Navn Navnesen

“Is si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. Bipis volore pro mos evero est.”

“As si abo. Ut que officim derum ipis volore pro mos evero est, incil eatiost, sa consectem. liqui nobitiundae suntiis sani andit donis senis moluptae pra denihit ut con consequiat Apic totatis molore nat de incte voluptatque voluptur? Ersped mos exceaqui consere laut ressequam dem et aut.Et inisque pla iur alitatas rerrumqui”.

Navn Navnesen

"For oss i Proaktiv er det å mekle bustader som å spele sjakk. Vi overlet ingenting til tilfeldigheiter. Det merkar både den som skal selje bustad, og den som skal kjøpe."

Eigedomsmeklar: Bjarte Haugen



Bjarte Haugen
Eigedomsmeklar MNEF
Mobil: 948 56 528
E-post: bjarte@proaktiv.no

AVDELING:
Proaktiv Sogn
Telefon: 948 56 528

EIN NY KVARDAG

Småbruk med praktfull plassering på Leikanger | Oppgraderingsbehov

Her får du eit lite småbruk på ca. 7 mål tomt med våningshus, garasje, driftsbygning, og uthus.

Eigedommen ligg fint plassert med fri utsikt til Sognefjorden.
Huset som er bygd ein gong på 30-talet, er på 4 plan med to fulle etasjer med innreia loft og ein uinnreia kjellar.
Dobbelgarasje frå tidelg 2000 talet.
I tillegg er det ein eldre fjøs og eit uthus.

På tomten er er det planta fruktre.
Noko av tomten disponerast i dag av naboen og er nytta som beite.
Tilkomst frå Røysavegen med ein privat veg opp til eigedommen.(vegen er ikkje bekrekna for tyngre køyretøy)

Anbefaler intressenter å lese tilstandsrapporten før visning.

Ta kontakt med meklar Bjarte Haugen på mobil 948 56 528 for å avtale visning



Eigedomsmeklar MNEF **Bjarte Haugen**

«ALT SOM ER VERDT Å GJØRE,
ER VERDT Å GJØRES BRA.»

Lord Philip Chesterfield





Verdifulle kunder fortjener **verdifull** rådgivning.

Proaktiv Meklarhuset Sogn

Beliggenhet
Kontoret ligg sentralt på Fosshaugane Campus, eit etablert og levande område med kort veg til Sogndal sentrum.

Proaktiv Meklarhuset Sogn
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Tlf.: 90 56 45 25
E-post: sogn@proaktiv.no

Lokale meklarar som ser meir enn ein eigedom.

I Proaktiv Meklarhuset Sogn kjenner me Sogn, eigedomane og menneska som bur her. Men god eigedomsmekling handlar om meir enn lokalkunnskap. Det handlar om å sjå det kunden ein gong såg, og å formidle meir enn rom, kvadratmeter og planløysingar.

For oss handlar det om å få fram potensialet for eit liv. Kva er det som gjer akkurat denne staden spesiell? Kva er det som gjer at den rette kjøparen kan sjå for seg seg sjølv her?

Det krev erfaring, presisjon og godt handverk. Det krev at me kjenner marknaden, forstår menneska og veit korleis ein eigedom skal presenterast for å treffe dei rette.

Me er eit erfarent lag med ulik kompetanse og sterke lokale røter. Sammen jobbar me for at kvar eigedom skal få den merksemda han fortener, og at både seljar og kjøpar skal kjenne seg trygge gjennom heile prosessen.

For oss handlar det ikkje berre om å selje ein eigedom. Det handlar om å finne den rette kjøparen, den som ser meir enn ein bustad og kan sjå for seg eit liv der.



RØYSAVEGEN

Kommune: *Sogndal* / ***Område:*** *Leikanger*

Med ein ny bustad følgjer ei ny plassering. På mange måtar kjøper du òg det området rundt har å by på. Butikkar, turområde, avstand til skular og barnehagar, eller studiestader og kulturtilbod. Bur du på rett stad, har du det betre.

Beliggenhet
Eigedomen ligg på eit attraktivt område på Hermansverk i, eit område som er særleg tilrådd for barnefamiliar, etablerarar og godt vaksne. Nabolaget er kjent for høg opplevd tryggleik og godt naboskap.

Offentleg transport er lett tilgjengeleg med busshaldeplassar i nærleiken. Hermansverk sentrum, med linje 810 og 820, ligg berre fem minutt gange unna, medan Leikanger kai med linje 890 ligg fire minutt unna med bil. Hella ferjekai kan nåast på 14 minutt med bil, og Sogndal lufthamn Haukåsen ligg 38 minutt unna.

For barnefamiliar er det fleire skular og barnehagar i nærleiken. Leikanger barneskule ligg 15 minutt gange unna, medan Leikanger ungdomsskule berre ligg tre minutt unna med bil. Sogndal vidaregåande skule og Sygna vidaregåande skule ligg



OFFENTLIG TRANSPORT

Hermansverk sentrum Linje 810, 820	5 min 0.4 km
Sogndal lufthavn Haukåsen	37 min

DAGLIGVARE

Coop Prix Hermansverk Post i butikk	5 min 0.4 km
Kiwi Hermansverk	7 min

VARER/TJENESTER

AMFI Sogningen	20 min
Apotekutsalg (Coop Prix Hermansver...	5 min


SPORT

Leikanger ungdomslag lagshus Aktivitetshall	2 min 0.2 km
Lundene leikeplass Ballspill	6 min 0.5 km
Systrening	9 min

LADEPUNKT FOR EL-BIL

Leikanger	7 min
Fylkeshuset Leikanger - Vestland fylk...	10 min

«Verdifulle kunder fortjener verdifull rådgivning.»



Nabolaget ditt!

Stedet du bor blir en del av deg



høvesvis 20 minutt og 1 time og 6 minutt unna med bil. Barnehagane Askedalen, Henjahaugane og Nybø ligg alle innanfor ein radius på 1,1 km.

Daglegvarebutikkar som Coop Prix Hermansverk og Kiwi Hermansverk er lett tilgjengelege, med høvesvis seks og sju minutt gangavstand. Området tilbyr òg ladepunkt for elbil, der det næraste ligg på Leikanger, sju minutt unna.

Et innblikk i ditt nye nærområde og hva det har å by på.
Passer det dine ønsker og behov?

Hermansverk er eit roleg område med lite trafikk og nærleik til skog og mark, noko som gir gode turmoglegheiter. Det finst òg fleire idretts- og aktivitetsanlegg i nærleiken, mellom anna Leikanger ungdomslag sitt lagshus og Lundene leikeplass, som ligg høvesvis tre og fire minutt unna.


Bebyggelse
Eigedomen består av våningshus, garasje, driftsbygning, og uthus.

Adkomst
Eigedommen har tilkomst via privat stikkveg frå offentleg veg.

Sjå kartfunksjonen i bustadannonsen eller på nettsida til eigedomen for vegskildring. Ved å klikke på kartet får du enkelt tilgang til ei detaljert reiserute frå ønskja startpunkt til den aktuelle bustaden.

Barnehage/Skole/Fritid
Barnehage:
Askedalen barnehage - 10 min

BOLIGMASSE





Henjahaugane barnehage - 17 min
Nybø barnehage - 13 min

Skule:
Leikanger barneskule (Barneskole) - 16 min
Leikanger ungdomsskule (Ungdomsskole) - 23 min
Sogndal vidaregåande skule (Videregående skole) - 20 min
Sygna vidaregåande skule (Videregående skole) - 65 min

Sport og trening:
Leikanger ungdomslag lagshus - 2 min gange
Aktivitetshall
0.2 km

Lundene leikeplass - 6 min gange
Ballspill
0.5 km


Systrening - 9 min gange

SKOLER

Leikanger barneskule (1-7 kl.) 200 elever, 15 klasser	16 min 1.3 km
Leikanger ungdomsskule (8-10 kl.) 85 elever, 6 klasser	23 min 2 km
Sogndal vidaregåande skule 730 elever, 41 klasser	20 min 21.1 km
Sygna vidaregåande skule 170 elever, 11 klasser	1 t 5 min 28.3 km

BARNEHAGER

Askedalen barnehage (0-5 år) 36 barn	10 min 0.8 km
Henjahaugane barnehage (0-5 år) 39 barn	17 min 1 km
Nybø barnehage (1-5 år) 52 barn	13 min 1.1 km



Se vedlagt nabolagsprofil for mer informasjon.

Skolekrets
Leikanger

VELKOMMEN TIL RØYSAVEGEN 6

Vi startar utandørs – bustaden har uteplass, og fellesareala er pent opparbeidde.

Parkering
Parkering i dobbelgarasje på tomta og på eige tun.

Tomtestørrelse
6 965,50 m²

Beskrivelse av tomt
Tomta er stor og romsleg. Det er opparbeida smal og bratt gruslagt gardsveg, og eit lite tun. Det er stor hage med plen, planter, fleire frukttre av forskjellige sortar, det er omlag 5,6 daa med fulldyrka jord der noko er i nytte som beitemark. Det er fleire bygningar på tomta.

TAKST OG TILSTAND

Byggemåte
Bustaden er eit eldre våningshus truleg oppført på første halvdel av 1900-talet, med grunnmur av betong og fuktsikring og opparbeiding av tomt og fundament opplyst som ukjent. Ytterveggene har tømmerkonstruksjon med liggende bordkledning. Taket er et saltak med sperrekonstruksjon, rupanel som undertak og kombinert kaldt loft og skråhimling, og det er tekket med metallplater med undertakstekking av takpapp. Takrenner og nedløp er av metall, og vindskier og toppbord er i treverk. Etasjeskilleren er av trebjelkelag. Vinduene er malte trevinduer med 2-lags glass og koblet glass. Ytterdører består av teak hovedytterdør, balkongdør i treverk og enkel kjellerdør i tre, og balkongdøren har 2-lags glass. Det er veranda og takterrasse i trekonstruksjoner med rekkverk i tre.

TG2 – Avvik som kan krevje tiltak

Utvendig > Taktekking
Avvik: Vasstett sjikt på taket er eldre enn 18 år.

Utvendig > Nedløp, beslag og skorsteinar over tak
Avvik:
- Det er ikkje tilfredsstillande bortleiing av vatn frå taknedløp ved grunnmuren.
- Det er stadvis deformasjonar i takrenner.
- Det er skadar på toppbord over vindskier.
- Det manglar snøfangarar på heile eller delar av taket. Det var ikkje krav om dette på søknadstidspunktet, men av omsyn til tryggleiken vert forholdet vurdert opp mot forskriftskrava på synfaringstidspunktet. Takvinkel og type taktekking tilseier at det er krav om snøfangarar.

Innvendig > Innvendige dører
Avvik: Det er påvist monteringsavvik og skeivskapar på enkelte dører.

Innvendig > Skadedyr og fuktkrevjande insekt
Avvik:
- Det er observert fuktkrevjande insekt.
- Det er påvist skadar på konstruksjonen som følgje av skadedyr, men i avgrensa omfang. Sjå punktet om takkonstruksjon/loft.
- Det er påvist spor etter mus i huset.





Tekniske installasjonar > Innvendige vassleidningar
Avvik:
- Koparrøyr med lodda, klemde eller andre typar skøytar er eldre enn 33 år og har difor usikker framtidig funksjon.
- Galvaniserte stålrøyr er eldre enn 25 år og har difor usikker framtidig funksjon.

Tekniske installasjonar > Innvendige avløpsrøyr
Avvik: ABS-plastrøyr er eldre enn 33 år og har difor usikker framtidig funksjon.

Tekniske installasjonar > Ventilasjon
Avvik: Det er påvist mangelfull ventilasjon i eitt eller fleire rom i bustaden.

Tomteforhold > Fuktsikring og drenering
Avvik:
- Det er påvist forhøgd fuktnivå i kjellarvegg, yttervegg eller kjellargolv.
- Det er påvist symptom som svelling, svertesopp/muggsopp, misfarging eller fuktskjolder som kan indikere fukt i konstruksjonen.
- Det er påvist punktvis avflassing eller utfelling (salt-/kalkutslag) på puss eller måling.

Tomteforhold > Grunnmur og fundament
Avvik: Det er sprekkdanningar i grunnmuren.

Kjøkken > Etasje 2 > Kjøkken > Overflater og innreiing
Avvik: Kjøkkenet har høg grad av slitasje.

Kjøkken > Etasje > Kjøkken > Overflater og innreiing
Avvik: Kjøkkenet har høg grad av slitasje.

Kjøkken > Etasje > Kjøkken > Avtrekk
Avvik: Veggmontert vifte er av betydeleg alder, og dette er ikkje ei optimal løysing for avtrekk på kjøkken.

TG3 – Store eller alvorlege avvik

Utvendig > Takkonstruksjon/loft
Avvik:
- Det er påvist fuktskjolder/skadar i takkonstruksjonen.
- Det er inga lufting i konstruksjonen.
- Det er spor etter treborande insekt på loftet.

Utvendig > Ytterveggar/veggkonstruksjon
Avvik:

- Det er påvist omfattande ròteskadar i den liggjande bordkledninga.
- Det er inga eller lite lufting i nedre kant av kledninga mot grunnmuren.
- Kledninga er stadvis for nær terrenget.
- Det er påvist fuktskjolder og fuktskadar innvendig i veggkonstruksjonen i kneveggen på loftet.

Utvendig > Vindauge og takvindauge/takluker/overlys
Avvik:
- Det er påvist teikn til innvendig kondensering på enkelte vindaugsruter.
- Vindaugskarmane er slitne, og det er sprekkar i treverket.
- Vindauga har usikker framtidig funksjon. Isolerglasrutene er eldre enn 35 år.
- Det er registrert vindauge med sprekkar og skadar.
- Vindauge på kjøkken i 2. etasje manglar innvendig omramming.
- Vindauge i kjellarmur manglar utvendig omramming.
- Terrenget ligg opp mot kjellarvindauget.
Det vert tilrådd å gjennomføre nærare undersøkingar for å avdekkje omfanget av avvika og vurdere aktuelle løysingar for utbetring.

Utvendig > Ytterdører
Avvik:
- Dørkarmane er vêrslitne utvendig, og det er sprekkar i treverket.
- Det er påvist at enkelte dører er vanskelege å opne og lukke.
- Verandadøra i 2. etasje har fuktskadar og kan ikkje lukkast skikkeleg.

Utvendig > Balkongar, verandaer, takterrassar og altanar
Avvik:
- Det er påvist svekkingar i tettesjikt og oppkantar. Dette inneber at dei delane som skal hindre vatn i å trengje inn i konstruksjonen under, ikkje fungerer fullt ut. Det er drope-merke i himlinga i rommet under terrassen.
- Det er påvist feil fall for avrenning på tettesjiktet. Det er registrert ståande vatn under terrassegolvet.
- Vasstett sjikt er eldre enn 18 år og har difor usikker framtidig funksjon.
- Det er påvist mangelfull eller svekt understøtting. Det er skadar på betongstøtter.
- Det er symptom på eller registrerte skadar på overflater. Det er ròteskadar i terrassegolvet på takterrassen.
- Rekkverket på balkong eller terrasse er for lågt i forhold til dagens krav.

Innvendig > Etasjeskilje og berande konstruksjonar
Avvik:
- Det er påvist store nedbøyingar eller skeivskapar som kan skuldast svikt i konstruksjonen.
- Det er spor etter treborande insekt i etasjeskiljet.

Innvendig > Rom under terreng (kjellar, underetasje, sokkeletasje)
Avvik:
- Det er påvist synleg fukt på mur/golv i kjellaren.
- Det er påvist indikasjonar på noko fuktgjennomtrenging i kjellarmuren.
- Det er påvist fuktskjolder/fuktskadar på overflater i underetasje/kjellar.
- Det er påvist symptom på setningar (skråsprekker).

Tomteforhold > Støttemurar
Avvik:
- Det er påvist større sprekkar og/eller skeivskapar i støttemurar.
- Det manglar rekkverk eller anna sikring på støttemuren/støttemurane i samsvar med dagens krav.

Våtrom > Etasje > Bad > Generelt
Avvik:
- Våtrommet må oppgraderast for å tole normal bruk etter dagens krav. Golvet har truleg passert halvparten av forventa levetid og har høg grad av slitasje. Platene er ufagmessig monterte, og det er ope mellom platene og sokkelflisene. Det er difor fare for at vatn kan trengje inn i konstruksjonen. Badet kan ikkje reknast som tett.

Garasje:
Garasjen er oppført i 2019 med enkel standard.
Bygget har vedlikehaldsbehov.

Driftsbygning:
Bygningen er oppført tidleg på 1900-talet, byggjeåret er usikkert i følgje vedlagt tilstandsrapport. Oppført med enkel standard.
Vert nytta som lagerbygning i dag. Bygget har vedlikehaldsbehov.

Uthus:
Bygningen er oppført tidleg på 1900-talet, byggjeåret er usikkert i følgje vedlagt tilstandsrapport. Oppført med særs enkel standard.
Bygget har vedlikehaldsbehov.

Kjøpar pliktar å gjere seg kjend med innhaldet i tilstandsrapport og i eigenerklæring frå seljar som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Meklar gjer elles merksam på kjøpar si undersøkingsplikt med heimel i avhendingslova. Takstmann har i tillegg kostnadsestimert utbetringar av TG2 og TG3 i vedlagt tilstandsrapport.

Bygningssakskyndig
Ole Johnny Lerheim (befaringsdato: Mandag, 5. oktober 2026)





VELKOMMEN INN!

Vi har sett på fasaden, uteplassane og dei tekniske skildringane.
No skal vi inn i bustaden og gå gjennom alle romma.

Innhald
Eigedomen består av våningshus, garasje, driftsbygning, og uthus som fordelar seg slik:

Våningshus:
Loft:
- Gang, 2 soverom og 4 kott
2. etasje:
- Kjøkken, stue, gang, kott, 3 soverom og balkongareal.
1. etasje:
- Entré, bod, bad, trapperom, gang, kjøkken, soverom, 2 stover og balkongareal
Kjellar:
- 5 boder

Garasje:
- Garasje

Driftsbygning:
- Køyrebru:

1. etasje:
Fjøs og høyløe

Kjeller:
Fjøs/lager og møkakjellar

Uthus:
Lager/vedhus

Areal
Våningshus

Bruksareal:
Kjeller
BRA-i: 76 kvm
Total BRA: 76 kvm

1. etasje
BRA-i: 95 kvm
Total BRA: 95 kvm

2. etasje
BRA-i: 83 kvm
Total BRA: 83 kvm

3. etasje
BRA-i: 37 kvm
Total BRA: 37 kvm

Terrasse- og balkongareal:
1. etasje: 6 kvm

2. etasje: 5 kvm


Garasje

Bruksareal:
1. etasje
BRA-e: 35 kvm
Total BRA: 35 kvm









FRÅ STOVA ER DET
UTGANG TIL VERANDA
MED FLOTT UTSIKT





Driftsbygning

Bruksareal:

1. etasje
BRA-e: 39 kvm
Total BRA: 39 kvm

Arealene er oppgitt av bygningssakkyndig på grunnlag av NS3940(2023). Eventuelle betegnelser på rom er angitt ut fra faktisk bruk, uavhengig av hva som er godkjent hos bygningsmyndighetene. Vedlagte plantegninger er ikke målbare.

Driftsbygning

Kun hovudplanet i driftsbygningen er oppmålt.

Standard
Bustaden er eit eldre våningshus truleg oppført på første halvdel av 1900-talet i følgje vedlagt tilstandsrapport. Huset held enkel standard og har store behov for vedlikehald og oppgradering.

Opplysningar om innvendige overflater er henta frå vedlagt tilstandsrapport:
Golv: Laminat, furu og belegg.
Veggar: Panelplater og malte plater
Tak: Måla glatte flater, trepanel og himlingsplater.

1. etasje:
Bustaden har ein entré med tilkomst til ei praktisk bod med gode oppbevaringsmoglegheiter. Like ved ligg badet, som er innreidd med toalett, servant nedfelt i baderomsmøbel og dusjhjørne med innfellbare glasdører. Ifølgje vedlagde tilstandsrapport er alderen på badet ukjend. Golvflisene ser ut til å vere av eldre dato, medan det er montert nye veggplater i seinare tid.
Vidare kjem ein inn i eit trapperom med trapp opp til andre etasje og loftet. Gangarealet har plass til oppheng og oppbevaring av ytterklede og sko.
Kjøkkenet har innreiing med glatte frontar, benkeplater i laminat og rustfritt stål, samt kjøleskåp og komfyr. Her er det godt med skåpplass og plass til kjøkkenbord. Kjøkkenet har ei veggmontert avtrekksvifte som ifølgje tilstandsrapporten ikkje var tilkopla på synfaringsdagen, og som difor ikkje er



funksjonstesta.
Frå kjøkkenet er det tilkomst til ei triveleg stove med plass til sitjegruppe. Store vindaugsflater gir gode lysforhold og flott utsyn mot fjorden. Her er det også montert vedomn som bidreg til ei lun atmosfære.
Etasjen har i tillegg ei romsleg stove nr.2 med gode møbleringsmoglegheiter. Herifrå er det direkte utgang til ein veranda der ein kan nyte gode solforhold og den flotte fjordutsikta.
Vidare finn ein eit lyst og triveleg soverom med god plass til dobbeltseng og ønskja garderobeløysing.

2. etasje:
Andre etasje har eit lyst gangareal med oppbevaringsmoglegheiter i ei mindre bod.
Etasjen inneheld tre soverom av ulik storleik, der to av romma har tilkomst til eigne knekott som gir ekstra oppbevaringsplass.
Etasjen har også ei stove med gode moglegheiter for å etablere ei ekstra sitjegruppe eller TV-stove. Frå stova er det utgang til balkong. I tillegg er det eit rom der det er montert ei eldre kjøkkeninnreiing med overskåp og glatte frontar. Innreiinga ser ikkje ut til å ha vore i aktiv bruk på fleire år, og rommet har verken benkeinnreiing eller kvitevarer.


Loft:
Loftet inneheld to lyse og romslege soverom med delvis skråtak, noko som gir romma særpreg og ei lun atmosfære.
I tillegg er det fire praktiske kott som gir gode moglegheiter for oppbevaring.


Tekniske installasjonar
- Vassleidningar: Innvendige vassleidningar består av plast (røyr-i-røyr-system), koparrøyr med lodda, klemde eller andre typar skøytar, samt galvaniserte stålrøyr.
- Avløpsrøyr: Innvendige, synlege avløpsrøyr er av ABS-plast.
- Ventilasjon: Bustaden har naturleg ventilasjon (oppdrift/termisk ventilasjon).
- Varmtvassberedar: Det er ein varmtvassberedar på ca. 200 liter.
- Elektrisk anlegg: Det elektriske anlegget er dels skjult og dels ope lagt opp, og har varierande alder. Sikringsskapet er plassert på veggen i gangen i 2. etasje og har automatsikringar. Det er behov for at ein kvalifisert elektrofagleg person kontrollerer det elektriske anlegget.

Forhold som openbart kan medføre fare for helse, miljø og tryggleik:
- Det manglar snøfangarar på heile eller delar av taket. Det var ikkje krav om dette på søknadstidspunktet, men av omsyn til tryggleiken vert forholdet vurdert opp mot forskriftskrava på synfaringstidspunktet. Takvinkel og type taktekking tilseier at det er krav om snøfangarar.
- Rekkverket på balkong eller terrasse er for lågt i forhold til dagens krav.
- Det er ikkje utført radonmålingar, og bygningen er heller ikkje oppført med radonsperre.
- Det manglar eldfast plate på golvet under sotluke/feieluke på pipa.
- Manglande synlegheit av pipevangar gir uvisse om tilstand









UTSIKT FRÅ BALKONG I 2.ETG.



og utføring. Det kan førekome skjulte skadar eller utettleikar, noko som kan medføre auka risiko for brann og fare for liv og helse.
- Opningane i rekkverket er større enn det som er tillate etter dagens forskriftskrav til rekkverk i innvendige trapper.
- Rekkverkshøgdene er lågare enn dagens forskriftskrav for rekkverk i innvendige trapper.
- Opningane mellom trinna i innvendig trapp er større enn det som er tillate etter dagens forskriftskrav.
- Det manglar handløpar på veggen langs trappeløpet.
- Det er ikkje montert rekkverk på innvendig trapp.
- Trappa har dårleg funksjonalitet. Ho er smal og/eller bratt og vanskeleg å gå i.
- Det er behov for at ein kvalifisert elektrofagleg person kontrollerer det elektriske anlegget.
- Det er manglar ved rømmingsvegane i bustaden. Loftet manglar rømmingsveg til det fri.
- Det er påvist manglar ved brannvarslingsanlegget i bustaden (brannalarm eller røykvarslarar), jf. gjeldande forskrift om brannførebygging.
- Det manglar rekkverk eller anna sikring på støttemuren/støttemurane i samsvar med dagens krav.

Oppvarming
- Elektrisk oppvarming
- Vedomn i stove

Info energiklasse
Alle eigedomar som vert selde eller leigde ut, skal ha energiattest. Det gjeld mellom anna unntak for frittståande bygningar med bruksareal på mindre enn 50 m².

Det er eigar som pliktar å leggje fram energiattest, og eigar er sjølv ansvarleg for at opplysningane er korrekte. For ytterlegare informasjon, sjå www.energimerking.no.

Dersom eigar har energimerkt eigedomen, kan komplett energiattest fåast ved å kontakte meklar.

Dersom eigar ikkje har lagt fram energiattest, og etter skriftleg oppmoding frå kjøpar heller ikkje har lagt fram energiattest før avtale om sal er inngått, kan kjøpar få utarbeidd ein energiattest ved hjelp av ein ekspert for seljar si rekning. Dette må gjerast innan eitt år etter at avtale om sal er inngått.

Hvitevarer
Kvitevarene som står i huset under visning følgjer med. Det er ingen garanti på nokon av kvitevarene. Det kan også vere kvitevarer som ikkje fungerer.


















PLANTEIKNING 2.ETG.



:oma.

KJERNEINFORMASJON

BESKRIVELSE AV EIENDOMMEN

Tomtestørrelse
6 965,50 m²

Beskrivelse av tomt
Tomta er stor og romsleg. Det er opparbeida smal og bratt gruslagt gardsveg, og eit lite tun. Det er stor hage med plen, planter, fleire frukttre av forskjellige sortar, det er omlag 5,6 daa med fulldyrka jord der noko er i nytte som beitemark. Det er fleire bygningar på tomta.

ØKONOMI

Formuesverdi primær
900.016,- for 2024

Formuesverdi sekundær
3.600.064,- for 2024

Info kommunale avgifter
Kommunale avgifter inkluderar:
- Avløp
- Vatn
- Feiing
- Renovasjon

Totalt inkl. eigedomsskatt kr. 26 768,-

Kommunale avgifter
16.688,- for 2026

Eiendomsskatt
10.080,- for 2026

Kjøpers ansvar for øvrige sameieres mislighold
For felles ansvar og forpliktelser hefter den enkelte sameier i forhold til sin sameiebrøk, jf. eierseksjonsloven § 30

Info formuesverdi
Stortinget har vedteke ein ny modell for berekning av formuesverdi for bustad. Den nye berekningsmodellen fastset bustadverdiar basert på grunnkrinsar i staden for kommunar, og skal nyttast frå og med inntektsåret 2026.


Dette kan medføre at marknadsverdien vert sett høgare eller lågare enn tidlegare, og inneber at både seljar og meklar kan nytte tal som ikkje nødvendigvis er oppdaterte på tidspunktet salsoppgåva vert utarbeidd.

Det vert difor teke atterhald om at formuesverdien kan verte endra og eventuelt auke ved endeleg fastsetjing i skatteåret.

For primærbustad utgjer formuesverdien 25 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi opp til kr 14 000 000, og deretter 70 % av den delen som overstig dette beløpet.

For sekundærbustad utgjer formuesverdien 100 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi.

Andre utgifter
Ettersom eigedomen vert seld som dødsbu, ligg det ikkje føre opplysningar om tidlegare kostnader eller forbruk knytt til



straum, bygningsforsikring og TV/internett.

Det må påreknast faste og løpande utgifter til mellom anna straum, forsikring, TV/internett og kommunale avgifter. Storleiken på desse kostnadene vil variere etter bruk, forbruk og val av leverandør.

Diverse
Det føreligg ikkje teikningar for nokon av bygningane på eigeomen.

OFFENTLIGE FORHOLD

Ferdigattest/Midlertidig brukertillatelse
Det føreligg ikkje ferdigattest eller mellombels bruksløyve i kommunen sine arkiv.

Ferdigattest er en sluttattest fra bygningsmyndighetene om at et søknadspliktig tiltak er ferdigstilt. At evt. ferdigattest / midl. brukstillatelse eksisterer, gir ingen garanti for at det ikke er utført arbeid som ikke er byggemeldt eller godkjent.

Det ligg føre ei bygningsmelding for innreiing av 2 soverom, gang og kott på loftet på gnr. 17 bnr. 122 ved Hermansverk, datert 06.03.1953.

Tinglyste heftelser og rettigheter
På eiendommen er det tinglyst følgende heftelser og rettigheter som følger eiendommens matrikkel ved overskjøting til ny hjemmelshaver:

4640/217/122:
11.01.1947 - Dokumentnr: 22 - Bestemmelse om vannrett
Rettighetshaver: Knr:4640 Gnr:217 Bnr:122
Gjelder denne registerenheten med flere
I kjøpekontrakt datert 10.01.1947 vart det avtalt at vassuttaket «Almebekken», som ligg på gnr. 17, bnr. 24 i Leikanger, skulle følgje eigedomen til kjøparen og tene som vassuttak for denne.
Det vart samtidig fastsett at seljaren, eller seinare eigarar av gnr. 17, bnr. 24, ikkje har rett til å nytte vatn frå «Leholla» eller andre stader ovanfor det selde vassuttaket.

31.07.1939 - Dokumentnr: 753 - Registrering av grunn
Denne matrikkelenhet opprettet fra:
Knr:4640 Gnr:217 Bnr:8

31.01.2002 - Dokumentnr: 170 - Målebrev

31.01.2002 - Dokumentnr: 170 - Grensejustering
Gjelder denne registerenheten med flere

16.05.2003 - Dokumentnr: 845 - Grensejustering
Gjelder denne registerenheten med flere

01.01.2020 - Dokumentnr: 277661 - Omnummerering ved kommuneendring
Tidligere: Knr:1419 Gnr:17 Bnr:122

Rettigheiter i anna eigedom:
11.01.1947 - Dokumentnr: 22 - Bestemmelse om vannrett
Rettighet hefter i: Knr:4640 Gnr:217 Bnr:24
Rettighet hefter i: Knr:4640 Gnr:217 Bnr:122
Gjelder denne registerenheten med flere
I kjøpekontrakt datert 10.01.1947 vart det avtalt at vassuttaket «Almebekken», som ligg på gnr. 17, bnr. 24 i Leikanger, skulle følgje eigedomen til kjøparen og tene som vassuttak for denne.
Det vart samtidig fastsett at seljaren, eller seinare eigarar av gnr. 17, bnr. 24, ikkje har rett til å nytte vatn frå «Leholla» eller andre stader ovanfor det selde vassuttaket.

02.04.2004 - Dokumentnr: 687 - Bestemmelse om veg
Rettighet hefter i: Knr:4640 Gnr:217 Bnr:157
Gnr. 17 Bnr. 122 har gang- og køyretilkomst over eigedomen til kommunal veg. Gnr. 17 Bnr. 158 har vegrett over eigedomen og felles avkøyrsle i samsvar med stadfesta reguleringsplan.

Regulerings- og arealplaner
Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for

Leikanger kommune 2016–2026 (plan-ID 1419-2019KP), med ikraftsetjing 25.04.2019.

I kommuneplanen er eigedomen avsett til følgjande arealføremål:
- Delareal 6 964 m²: LNRF-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget til garden, noverande, med områdenamn L.
- Delareal 1 m²: Bustadbygging, noverande, med områdenamn B26.

Det pågår arbeid med ny kommuneplan, Arealplan for Sogndal kommune 2023–2033 (plan-ID KPL-2023-2033), som har status som planforslag. Det er òg opplyst at eigedomen er føreslått avsett til LNF-føremål ved rullering av kommuneplanen sin arealdel for Sogndal kommune.

Vei/Vann/Avløp
Tilkomstveg: Eigedomen har tilkomst via privat stikkveg frå offentleg veg.

Eigedomen er tilkopla kommunal vassforsyning og avlaupsnett via privat stikkleidning.
Private stikkleidningar blir vedlikehalde for eigar si rekning.

Legalpant
Kommunen har legalpant i eigedomen. Dette gjeld alle bebygde eigedomar i alle kommunar i Norge. På eigedomen kan det være tinglyst erklæringar/avtalar som for eksempel rett til kommunen til å anlegge vatn og kloakkleidningar inkl. reparasjon av desse. Bestemmelsar om bebyggelse, gjerder, adkomstrettigheter. Desse erklæringene/avtalene vil følge eigedomen ved sal og kan ikkje slettast.

Radonmåling
Eigedomen ligg i område med aktomheitsgrad – Middels i følgje vedlagt NGU radonkart.

Det vert gjort merksam på at det ved utleige er krav om å gjennomføre radonmåling, og at forsvarlege radonnivå skal kunne dokumenterast. Kravet gjeld alle typar utleigebustader, inkludert leilegheiter og hyblar i tilknyting til eigen bustad, så lenge det vert betalt husleige.
I dei tilfella der det ikkje er opplyst at seljar har kjennskap til radonnivået på eigedomen, må kjøparar som ønskjer å leige ut heile eller delar av eigedomen, vere særleg merksame på at dei overtek ansvaret for den uvissa dette medfører.

For nærare informasjon, sjå www.dsa.no.

Adgang til utleie
Bustaden kan leigast ut i sin heilheit. Bustaden er i matrikkelen registrert med éi bueining.
Det er ikkje kjent at det ligg føre offentlegrettslege reglar som er til hinder for at heile eigedomen vert leigd ut.

Det er krav om forsvarlege radonnivå i utleigebustader. I dei tilfella der det ikkje særskilt er opplyst at seljar har kjennskap til radonnivået på eigedomen, må kjøparar som ønskjer å leige ut heile eller delar av eigedomen, vere særleg merksame på at dei overtek ansvaret for den uvissa dette medfører.

For nærare informasjon, sjå www.dsa.no.

Offentligrettslig pålegg
Det vert gjort merksam på at meklar ikkje har innhenta særskilde opplysningar om det ligg føre pålegg frå brann- eller feiarvesenet på eigedomen.

Grunnboksdato
Torsdag, 22. oktober 2026

Konsesjon
Sidan eigedomen er over 2 mål, krev kommunen eigenfråsegn om konsesjonsfridom.

PRISANTYDNING INKLUDERT OMKOSTNINGER

Omk. kjøper beskrivelse
4 500 000,00 (Prisantydning)

_____
4 500 000,00 (Kontraktsum totalt)

Omkostninger

112 500,00 (Dokumentavgift)
545,00 (Tinglysningsgebyr pantedokument)
545,00 (Tinglysningsgebyr skjøte)

_____
113 590,00 (Omkostninger totalt)

_____
4 613 590,00 (Totalpris inkl. omkostninger)

_____

Vi gjer merksam på at totalsummen ovanfor er berekna med utgangspunkt i ein kjøpesum tilsvarande prisantydninga. Det vert teke atterhald om endringar i gebyr.

Betalingsbetingelser
Kjøpesummen med tillegg av omkostningar skal vere disponibel på klientkontoen til meklar innan overtaking. Normalt inneber dette at fullt oppgjer må vere innbetalt på klientkontoen til meklar seinast to yrkedagar før avtalt overtakingsdato.

Eventuelle vilkår knytte til innbetalinga, til dømes pantedokument som skal tinglysast til fordel for banken til kjøpar, må vere meklar i hende i god tid før overtaking kan

finne stad.

Kjøpesummen skal betalast inn frå norsk finansinstitusjon og/eller frå kjøpar sin konto i norsk finansinstitusjon. Eventuell eigenkapital skal betalast inn som éi samla innbetaling frå kjøpar sin eigen konto i norsk finansinstitusjon.

Alle eigedomsmeklingsføretak har lovpålagd forsikring av klientmidlar avgrensa oppover til kr 45 mill. Enkeltsaker er forsikra med inntil kr 15 mill. Dersom kjøpar sin låneinstitusjon krev tilleggsforsikring ved omsetning over kr 15 mill., må kjøpar sjølv eller kjøpar sin låneinstitusjon dekkje kostnadene knytte til dette.

Lovanvendelse
Generelle avtalevilkår
Eigedomen vert seld etter reglane i avhendingslova.

Salsoppgåva er basert på dei opplysningane seljar har gitt til meklar, den bygningssakkunnige sin tilstandsrapport, samt opplysningar innhenta frå kommunen, Kartverket og andre tilgjengelege kjelder. Seljar har godkjent salsoppgåva.

Det er viktig at kjøpar set seg grundig inn i alle salsdokumenta, mellom anna salsoppgåva, tilstandsrapporten og eigenerklæringa frå seljar. Kjøpar vert rekna for å kjenne til forhold som er tydeleg skildra i salsdokumenta, og slike forhold kan ikkje gjerast gjeldande som manglar. Dette gjeld uavhengig av om kjøpar har lese dokumenta. Alle interessentar vert oppmoda om å undersøkje eigedomen nøye, gjerne saman med ein fagkunnig, før bod vert gitt. Ein kjøpar som vel å kjøpe eigedomen usett, kan ikkje gjere gjeldande som mangel noko vedkomande burde ha vorte kjend med ved ei undersøking. Dersom det er behov for avklaringar, tilrår vi at interessentar rådfører seg med eigedomsmeklar eller eigne rådgjevarar før det vert lagt inn bod.

Ein bustad som har vore i bruk ei viss tid, vil vanlegvis ha vore utsett for slitasje, og skadar kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøpar rekne med, og det kan verte avdekt enkelte forhold etter overtaking som gjer utbetringar nødvendige. Normal slitasje og skadar som krev utbetring, er innanfor det kjøpar må forvente og vil ikkje utgjere ein mangel.

Rettane og pliktene til kjøpar og seljar vert regulerte av avtalen mellom partane, samt informasjonen som har vore tilgjengeleg for kjøpar i samband med handelen. Avtalen vert utfylt av avhendingslova, og det gjeld ulike avtalevilkår avhengig av om kjøpar er forbrukarkjøpar eller ikkje. Dette er nærare skildra nedanfor.

På grunn av ulike avtalevilkår kan seljar vurdere bod frå ein som ikkje er forbrukar, annleis enn bod frå ein forbrukar. Dersom kjøpar ikkje er forbrukar, er det moglege mangelsansvaret til seljar avgrensa fordi eigedomen vert seld «som han er». Seljar kan ikkje ta «som han er»-atterhald overfor ein forbrukarkjøpar. Sjølv eit lågare bod frå ein som ikkje er forbrukar, kan verte føretrekt fordi avgrensinga i mogleg mangelsansvar kan ha ein eigenverdi for seljar. Seljar står fritt til å forkaste eller akseptere eit kvart bod og er til dømes ikkje forplikta til å akseptere det høgaste bodet. Bodgivar skal i bodskjemaet gi eigenerklæring om bodgivar er forbrukar eller næringsdrivande/person som hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukarkjøp – definisjon
Med forbrukarkjøp meiner ein kjøp av eigedom når kjøparen er ein fysisk person som ikkje hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukar – avtalevilkår
Eigedomen har ein mangel dersom han ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen, eller dersom det ligg føre brot på føresegnene i avhendingslova §§ 3-2 til 3-8. Dersom eigedomen ikkje er i samsvar med det kjøparen må kunne forvente ut frå alder, type og synleg tilstand, kan det vere grunnlag for mangelskrav.
Det same gjeld dersom opplysningar om eigedomen er haldne tilbake eller det er gitt uriktige opplysningar. Dette gjeld likevel berre dersom ein kan gå ut frå at det verka inn på avtalen at opplysninga ikkje vart gitt, eller dersom uriktige opplysningar ikkje vert retta i tide på ein tydeleg måte.
Bustaden kan ha ein mangel etter avhendingslova § 3-3 dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk innvendig areal, føresett at avviket er på 2 % eller meir og minimum 1 m².
Ved berekning av eit eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøpar sjølv dekkje tap/kostnader opp til eit beløp på kr 10 000 (eigendel).

Ikkje-forbrukar (næringsdrivande) – definisjon
Dersom kjøpar er ein juridisk person, eller ein fysisk person som hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd, vert kjøpet ikkje rekna som eit forbrukarkjøp.

Ikkje-forbrukar – avtalevilkår
Eigedomen har ein mangel dersom han ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen. Eigedomen vert seld «som han er», og ansvaret til seljar utover det som konkret er avtalt, er då avgrensa etter avhendingslova § 3-9 første ledd andre punktum.

Avhendingslova § 3-3 andre ledd vert fråviken, og om arealsvikt ved bustaden utgjer ein mangel, vert vurdert etter avhendingslova § 3-8. Informasjonen om undersøkingsplikta til kjøpar, mellom anna oppmodinga om å undersøkje eigedomen nøye, gjeld òg for kjøparar som ikkje vert rekna som forbrukarar.

Interessentar og kjøpar må akseptere at seljar og meklar nyttar elektronisk kommunikasjon i salsprosessen.

Dersom kjøpar er utanlandsk statsborgar, er det krav om at vedkomande har eit såkalla D-nummer som erstatning for norsk fødselsnummer. Rekvisisjon av D-nummer må sendast til Kartverket samtidig med innsending av skøytet for tinglysing.

Skøytet vert liggjande hos Kartverket fram til kjøpar har fått D-nummer frå Skatteetaten. Når Kartverket har motteke D-nummeret frå Skatteetaten, vert skøytet tinglyst.

Rekvisisjon av D-nummer i samband med tinglysing av skøyte vil ofte medføre at oppgjer og utbetaling til seljar vert forseinka med nokre veker. Kjøpar må i slike tilfelle anten ta atterhald i bodet om forseinka utbetaling til seljar, eller vere førebudd på å dekkje forseinkingsrenter til seljar. Kontakt ansvarleg meklar for informasjon før bodgiving.

ØVRIGE KJØPSFORHOLD

Overtakelse
Overtaking etter nærare avtale.
Kjøpar vert oppmoda om å opplyse om ønskja overtakingsdato ved bodgjeving.
Det vil som hovudregel ikkje vere høve til ny synfaring av eigedomen mellom aksept av bod og overtaking. Interessentar vert difor oppmoda til å ta naudsynte mål og undersøkingar i samband med vising.

Interessentar vert oppmoda om å opplyse om ønskja overtaking i bodskjemaet.
Skøytet vert sendt til tinglysing i samband med oppgjeret.
Oppgjer føreset at overtaking er gjennomført, og at partane har signert ein overtakingsprotokoll og sendt denne til oppgjersavdelinga slik det er avtalt i kontrakten.
Det er ein føresetnad at skøytet vert tinglyst i namnet til kjøpar.
Dersom interessentar mot formodning ikkje ønskjer tinglysing av skøytet, må det takast atterhald om dette i kjøpstilbodet.

Budgivning
Bod kan leggjast inn via knappen «Gi bud» i nettannonsen eller via heimesida. Ved elektronisk bodgiving kan bod leggjast inn trygt og enkelt med BankID. Meklar kan òg kontaktast for å få tilsendt bodskjema. Bodskjema ligg også i salsoppgåva.

All bodgiving må skje skriftleg. Ta kontakt med meklar dersom det er behov for hjelp til å gi bod.

Eigedomsmeklar skal leggje til rette for ei forsvarleg gjennomføring av bodrunden og kan ikkje vidareformidle bod med kortare akseptfrist enn kl. 12.00 første yrkedag etter siste annonserte vising. Etter kl. 11.30 tilrår vi ein akseptfrist på minimum 30 minutt.

Meklar kan ikkje formidle bod med atterhald om at bodet eller atterhald i bodet skal haldast skjult (hemmeleg) for andre bodgivarar og interessentar.

Meklar tek ikkje ansvar for forseinkingar på straum- eller telenettet. Under bodrunden kan akseptfristane kortast inn ved mottak av nye bod. Akseptfristen frå kjøpar er absolutt. Det inneber at dersom seljar vel å akseptere bodet, må kjøpar få melding om aksept innan akseptfristen går ut.

Dersom du ventar med å gi bod til tett opp mot akseptfristen, er det ein reell risiko for at eigedomen kan verte seld før bodet ditt kjem fram til meklar.

Boligselgerforsikring
Seljar har ikkje teikna bustadseljarforsikring.
Eigenerklæringsskjemaet til seljar følgjer likevel som vedlegg til salsoppgåva.

Boligkjøperforsikring
Mange kjøparar har høve til å teikne bustadkjøparforsikring. Vedlagt salsoppgåva følgjer informasjon om bustadkjøparforsikring frå Söderberg & Partners.

Bustadkjøparforsikring er ei rettshjelpsforsikring som gir tryggleik og profesjonell juridisk hjelp dersom det vert oppdaga uventa feil eller manglar ved bustaden dei neste fem åra.

Les meir om bustadkjøparforsikring i det vedlagde materiellet eller på nettsida til Söderberg & Partners.

Innbo og løsøre
Huset overlverast med alt av løsøre og innventar som er der under visning.
Det er kjøpar sitt ansvar å tømme huset etter at han har overteke eigedommen.
Kjøpar får sjølv avgjere kva som har verdi eller ikkje.

Eier
Alexander Torvaldovich Poluektov

Tilbud på lånefinansiering
Vi hjelper gjerne med å etablere kontakt med ulike bankar, men har ingen fast bankforbindelse som vi nyttar. Vi meiner at vilkåra hos ulike finansinstitusjonar varierer mellom kundegrupper, og kan difor ikkje tilrå ein bestemt bank. Vi hjelper likevel meir enn gjerne med å finne ein bank som kan tilby deg gode lånevilkår.

Meglers vederlag
Proaktiv Gruppen AS og eiendomsmeglingsforetakene som er tilknyttet Proaktiv har samarbeid med forskjellige foretak som tilbyr forbrukerne produkter eller tjenester i forbindelse med et salgsoppdrag. Våre samarbeidspartnere er: Søderberg & Partners AS - formidler av boligkjøperforsikring, Gjensidige - formidler av boligselgerforsikring, Meglerfront - leverandør av digitale oppgjørsskjemaer og overtakelsesprotokoller som også inneholder tilbud til forbruker om tilpassede strøm-, internett - og alarmtjenester, Vend Marketplaces AS og Bomega AS - markedsplasser på nett, Schibsted - markedsføring i SOME, Eiendomsverdi - formidler av nabolagsprofiler. Hvilke produkter/ tjenester kjøper og selger får i forbindelse med oppdraget, kan variere ut fra hvor i landet eiendommen ligger.

Personopplysningsloven
Vi gjør oppmerksom på at vi lagrer personopplysninger på interessenter, budgivere og kjøpere. Videre opplyser vi at mulighetene for å slette sine personopplysninger er begrenset, som følge av at eiendomsmeglingsforetak har plikt til å oppbevare kontrakter og dokumenter i minst 10 år, iht. eiendomsmeglingsforskriften. Du kan lese om vår behandling av personopplysninger i vår personvernerklæring på https://proaktiv.no/personvernerklæring.

Hvitvaskingsreglene
Det følgjer av lov om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering at meklarføretaket er forplikta til å gjennomføre kundetiltak overfor begge partane i handelen. For oppdragsgivar skjer dette i samband med inngåing av oppdraget, og for kjøpar ved kontraktsinngåing.
Dersom slik kundekontroll ikkje kan gjennomførast, er meklarføretaket pålagt å avstå frå å gjennomføre oppgjeret. Partane er sjølve ansvarlege for eventuelle kostnader og ansvar dette kan medføre, utan at det kan gjerast gjeldande kontraktsrettsleg ansvar overfor meklarføretaket.

Vedlegg til salgsoppgave
Vedlegga er ein del av den komplette salsoppgåva. Det er viktig at interessentar set seg grundig inn i vedlegga og kontaktar meklar dersom dei har spørsmål, før bod vert gitt.

Dato salgsoppgave
29.10.2026

VEDLEGG

«Det finnes ingen kunnskap som ikke er verdifull.»

-Edmund Burke

Meklarhuset Sogn AS

Gjensidige

Egenerklæring

Røysavegen 6, 6863 LEIKANGER **28 Oct 2026**

Informasjon om eiendommen

Adresse	Postadresse	Enhetsnummer
Røysavegen 6	Røysavegen 6	

Opplysninger om selger og salgsobjekt

Er boligen en del av et sameie, aksjeselskap eller borettslag?

☐ Ja ☒ Nei

Har du kjennskap til eiendommen?

☒ Ja ☐ Nei

Eiendommen selges som et dødsbo. Det innebærer at selger ikke har detaljert kunnskap om eiendommen, med den risiko det medfører. Det kan derfor være feil og mangler ved eiendommen som det ikke er spesifikt opplyst om. Kjøper oppfordres derfor til å foreta en særlig grundig undersøkelse av eiendommen, gjerne med bistand av teknisk sakkyndig.

Driver eieren med omsetning eller utvikling av eiendom?

☐ Ja ☒ Nei

Når kjøpte eieren boligen?

1939

Informasjon om selger

Selger

Poluektov, Alexander

Forbehold

Selger tar spesifikt forbehold om feil og mangler som er beskrevet i egenerklæringsskjemaet.

Boligkjøper anses å kjenne til forholdene som er omtalt i dette egenerklæringsskjemaet. Disse forholdene kan ikke gjøres gjeldende som feil eller mangler senere.

Boligkjøper oppfordres til å selv undersøke eiendommen grundig.

Våtrom

1 **Har det vært feil på bad, vaskerom eller toalettrom?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

2 **Er det utført arbeid på bad, vaskerom eller toalettrom?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

Tak, yttervegg og fasade

3 **Har det lekket vann utenfra og inn, eller er det sett andre tegn til fukt?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

4 **Er det utført arbeid på tak, yttervegg, vindu eller annen fasade?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

Kjeller

5 **Har sameiet eller borettslaget hatt problemer med fukt, vann eller oversvømmelse i kjeller eller underetasje?**

Ikke relevant for denne boligen.

6 **Har boligen kjeller, underetasje eller andre rom under bakken?**

☒ Ja ☐ Nei

7 **Er det observert vann eller fukt i kjeller, krypkjeller eller underetasje?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

8 **Er det utført arbeid med drenering?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

Elektrisitet

9 **Har det vært feil på det elektriske anlegget?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

10 **Er det utført arbeid på det elektriske anlegget?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

Rør

11 **Har eiendommen privat vannforsyning (ikke tilknyttet det offentlige vannettet), septik, pumpekum, brønn, avløpskvern eller liknende?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

12 **Har det vært feil på utvendige eller innvendige avløpsrør eller vannrør?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

13 **Er det utført arbeid på utvendige eller innvendige avløpsrør eller vannrør?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

Ventilasjon og oppvarming

14 **Er det eller har det vært nedgravd oljetank på eiendommen?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

15 **Har det vært feil på varmeanlegg eller ventilasjonsanlegg?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

16 **Er det utført arbeid på varmeanlegg eller ventilasjonsanlegg?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

Skjevheter og sprekker

17 **Er det tegn på setningsskader eller sprekker i for eksempel grunnmur eller fliser?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

18 **Har det vært feil eller gjort endringer på ildsted eller pipe?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

Sopp og skadedyr

19 **Har det vært skadedyr i boligen eller andre bygninger på eiendommen?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

20 **Har det vært skadedyr i fellesområdene til sameiet eller borettslaget?**

Ikke relevant for denne boligen.

21 **Har det vært mugg, sopp eller råte i boligen eller andre bygninger på eiendommen?**

☐ Ja ☒ Nei, ikke som jeg kjenner til

22 **Har det vært mugg, sopp eller råte i sameiet eller borettslaget?**

Ikke relevant for denne boligen.

Planer og godkjenninger

23 **Mangler boligen eller andre bygninger brukstillatelse eller ferdigattest for søknadspliktige tiltak?**

